

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2017-0170	<b>Søknadsår</b>	2017	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Regionale utviklingsprosjekt Hordaland			
<b>Prosjektnavn</b>	Utvikling av Voss Hestesportsenter som regionsenter for hestesport			

### Kort beskrivelse

Voss Tråvlag med samarbeidspartnere søker om midlar til bygging av eit regionalt hestesportsenter på Kyte, Voss. Med travbane, bane til køyre- og rideaktivitetar, utstillingsområde, stallar og ridehall ynskjer ein å få opp ein samlingsplass for hestesportmiljøet på Voss og omland.

Kyte er eit område i Voss kommune med stor vekst. Prosjekt som Voss Bryggeri og Hedleberget aukar aktiviteten i grenda. To nye byggjefelt er oppført i løpet av dei siste 5 år, med om lag 40 nye bustadar.

### Prosjektbeskrivelse

Hestemiljøet på Voss har i ei årrekke arbeida for å få på plass ein ny travbane på Voss. I 1998 vart travbanen på Tvildemoen omregulert til næringsområde. No er tomt og prosjektering på plass for eit område på Kyte, og eg ein gler seg til å kunne samla travfolket på Voss nok ein gong.

Ein viser til vedlagte dokument som viser framdrifta i prosjektet.

Voss Tråvlag er eit lag med kring 125 medlemmer.

Voss Hestesportsenter AS er under stifting. I tillegg til Voss Tråvlag, skal også Voss køyre- og rideklubb, Voss Fjordhestlag, Voss Dølahestlag med fleire vera med i aksjeselskapet.

Første byggetrinn vil vera å byggja ein travbane på 800m lengde, med 12m breidd. Indre bane skal fyllast ut, og nyttast til ridebane, køyreveggar og dyrka mark. Andre trinn vert å byggja stallar for oppstalling av hestar til trening i trav, riding, arbeidskøyring, terapiriding og liknande. Ein vil også byggja servicebygg som inneheld garderobe, toalett, undervisningsrom med meir. Trinn tre er å byggja ein ridehall på omlag 25x60m som også kan nyttast til ulike arrangement. Tilhøyrande skal det også byggjast parkeringsplassar.

Prosjektet er viktig for Voss som landbruksbygd. Også for kommunane kring Voss – Hardanger, Modalen og Vaksdal er det viktig med eit mindre anlegg for hest og trav i nærleiken. Voss manglar ein stemneplass av denne storleiken, og potensialet er stort.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Voss Tråvlag Org.nr:899108582	Bjørkevegen 140 5709 VOSS	91111233
Kontakt- person	Jostein Finne	Bjørkevegen 140 5709 VOSS	91111233
Prosjekt- leder	Jostein Finne	Bjørkevegen 140 5709 VOSS	91111233

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Ja

Voss kommune - 200 000,-, i tillegg til avtale om at kommunen dekker arealleige til grunneigarar.

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Bakgrunnen for prosjektet er at Voss har vore utan travbane og tilhaldstad for hestesport sidan årtusenskiftet. Dette gjeld for heile regionen – Hardanger, Vaksdal, Modalen. Bergen er næraste alternativ, noko som fører til fleire timars transport kvar gong.

Hestepopulasjonen har neppe vore større her i landet sidan andre verdskrig, og behovet for ein tilhaldstar er stor, ikkje minst når ein tenkjer på dagens trafikk. I tillegg til dei sosiale aktivitetane ved hestehald, vil det også kunne skipast til andre arrangement på eit slikt område, som landbruks- og dyreutstillingar, leirar med meir.

### Prosjekt mål

Byggja ein travbane med tilhøyrande infrastruktur, som vil verta ein samlingsplass for hestesportsmiljøet og landbruket på Voss og kommunane rundt.

### Forankring

Prosjektet har god forankring i hestesportmiljøet på Voss, og samtlege stiller seg bak prosjektet. Ein tel mange lag;

Voss Tråvlag

Voss Fjordhestlag

Voss Køyre- og rideklubb

Voss Dølahestlag

Voss og Hardanger Dølahestlag

Voss IL – Hestesport

Prosjektet har god forankring i Voss kommune. Sidan førre travbane vart stengd i 1998, har kommunen vore ein medspelar for å få på plass ny travbane. Kommunen skal mellom anna dekkja årleg leige til grunneigar. Ein har også motteke 200 000,- i stønad frå Kraftfondet i Voss kommune til planarbeid og forprosjekt.

Prosjektet har også god forankring i landbruksorganisasjonane på Voss;

Voss Bondelag

Voss Sau og Geit

Nye Voss Vidaregåande (sjå vedlagt brev)

### **Prosjektorganisering**

Prosjektet skal organiserast gjennom Voss Hestesportsenter AS, eit aksjeselskap som vert skipa av Voss Tråvlag, Voss Køyre- og rideklubb, Voss Fjordhestlag, Voss Dølahestlag med fleire.

Dei involverte er, mellom anna;

Jostein Finne – prosjektleiar. Arbeider til dagen i Vegvesenet på Voss, og har vore aktiv i hestesportmiljøet i regionen i ein mannsalder. Er leiar i Voss Tråvlag

Knut Dagestad – prosjektering og planlegging. Aktiv i tråvlaget, og driv Voss Bygg og Landskap AS, og arbeider med prosjektering til dagleg.

Nils Dagestad – pioner innan travsporten i Noreg. Har vore styreleiar i Det Norske Travselskap, rektor på Voss Jordbruksskule og site i kommunestyre og fylkesting for Senterpartiet.

Jostein Sageie – innleigd rådgjevar. Han har gjennomført utbygging av nye, samt renovering av eksisterande travanlegg og hestesenter.

### **Samarbeidspartnere**

I prosjektet er det ulike samarbeidspartnere som har vore med i prosjekteringsfasen:

Anne Ragnhild Dolve Kyte og Arvid Bakketun Kyte – grunneigarar på Nedre Kyte

Voss kommune Planavdelinga v/ Zehra Causevic og Kjersti Næss Finne

Voss kommune Kulturavdelinga v/Nils Helge Kvamme

Voss kommune Næringsavdelinga v/Kristin Lemme

Lag og organisasjonar innan landbruk og hestesport på Voss (sjå spesifikasjon under Forankring)

Nye Voss Vidaregåande skule (sjå vedlegg)

### **Aktivitetar**

Trav – trening og stemne

Riding – trening og stemne

Kurs – innan riding, trav osv

Utstilling – ulike dyrerasar, også landbruksmesser osv

Besøkgard – tilbod til born og unge innan ulike dyrerasar

Handicapriding

Leirar, mellom anna speidar- og 4H-leirar

Sirkus/tivoli

Stallar

### **Målgrupper**

Hestesportsenteret har fleire målgrupper, fyrst og fremst folk som driv med, og er interesserte i, hest og husdyr/landbruk. Nye Voss Vidaregåande skule har eit stort behov for ein travbane i nærleiken til undervisning på hestelinja (sjå vedlegg).

### **Resultat**

Auka aktivitet innan travsporten.

Auka rekruttering til ride- og travsport.

Samlingsstad for hestemiljøet og landbruket på Voss.

### **Effekter**

Skapa arbeidsplassar. I løpet av nokre år vil hestesportsenteret ha behov for å tilsetja folk; dagleg leiar, instruktørar, terapeuter, hovslagar, veterinær, vaktmeister med meir. Ein vil også kunne ta imot lærlingar i hestefag.

Folkehelse – fleire folk i aktivitet!

Miljø – bygga opp under hestemiljøet

Bulyst – meir aktivitet i grenda skapar større samhald og utvikling

Styrka Voss sin posisjon som ein sterk landbruksregion.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Oppstart trinn 1 : Haust 2017

Ferdigstilling trinn 1: Haust 2018

Oppstart trinn 2: Haust 2018

Ferdigstilling trinn 2: Vår 2019

Oppstart trinn 3: Haust 2019

Ferdigstilling trinn 3: Vår 2020

**Kostnadsplan**

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Byggetrinn 1	5 400 000					5 400 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>5 400 000</b>					<b>5 400 000</b>

Usikker på kostnader i byggetrinn 2 og 3. Arbeider med kartlegging og prosjektering no.

**Finansieringsplan**

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Det Norske trivselskap	50 000					50 000
Eigenkapital	1 000 000					1 000 000
Gåver	400 000					400 000
Hardangerstiftinga	250 000					250 000
Lån, Voss Sparebank	2 000 000					2 000 000
Regionale utviklingsprosjekt Hordaland	1 000 000					1 000 000
Spelemidler	500 000					500 000
Voss kommune	200 000					200 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>5 400 000</b>					<b>5 400 000</b>

Finansiering må arbeidast meir med. Gåver, spelemidler og HFK er usikre postar.

**Geografi**

1235-Voss

**Vedleggsliste**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
16-01007-4 Vedtak nfo, 07062016, Sak 15_16, Søknad om tilskot frå kraftfondet - Voss tråvla 305907_1_1.pdf	525 317	15.06.2017
16-01908-2 Vedtak MKU, 22092016, Sak 34_16, Grunnleige for ny travbane 327681_1_1.pdf	208 438	15.06.2017
Kalkyle byggetrinn 1.pdf	182 344	15.06.2017
Nye Voss Vidaregåande.pdf	29 163	15.06.2017
Prospekt nytt format 210x265.pdf	14 419 091	15.06.2017